

KVITeseid SOKN

Mål, grunnlag og organisering

Hovudmål for trusopplæringa

Hovudmålet for trusopplæringa i Kviteseid er som for kyrkja elles, å vekke og nære det kristne liv. Kviteseid sokneråd ynskjer med denne planen å leggje til rette for god og heilskapleg trusopplæring, som famnar alle born og unge frå 0-18 år i soknet. Vi ynskjer at plana skal vera ei oversikt, eit middel og ei hjelp til gjennomføring av tiltaka, og at dei unge allereie frå fødsel og dåp skal få læra om «Vegen, sanninga og livet», tru på Han som seier desse orda om seg sjølv, og fylgja ham.

Grunnlag og særpreg

Kviteseid såg i gamal tid annleis ut enn den gjer i dag. I katolsk tid hørde Brunkeberg til Seljord. Fram til 1810 hørde Nissedal og Treungen med til Kviteseid. Flåbygd vart skilt ut frå Kviteseid i 1845.

I nyare tid har Kviteseid kommune bestått av sokna Kviteseid, Brunkeberg, Vrådal og Fjågesund og Kilen. Frå 2016 er dei slegne saman til eitt sokn, Kviteseid sokn. Vi har i dag 6 kyrkjer. Det er Kviteseid Gamle, som i 2010 feira 750-årsjubileum, Brunkeberg kyrkje frå 1790, Vrådal frå 1886, Kviteseid og Fjågesund kyrkjer som begge feirar 100-årsjubileum i 2016, og Kilen kapell som vart vigsla i 1958.

Fram til midten av 1800-talet var det lite offentleg kristeleg liv i bygdene, utanom det prestane dreiv med. Etter ei vekking i Vrådal kring 1860 og seinare, kom lekfolk meir på banen. Bedehuset i Vrådal er ein frukt av denne vekkinga. Frå 1955 kom ein ny faktor til kommunen, då Kvitsund vart etablert som ein sentral stad for skule og misjon. Den lågkyrkjelege vekkingssrøsla med fleire bedehus og eit rikt arbeid, blei tydeleg svekka dei siste 30-40 åra. Grunnane til dette kan vere auka utdanning og mobilitet, trykket frå media og nye ungdomskulturar. Med mykje tilflytting og tilbakeflytting av unge kristne familiar dei seinare åra, kan det no sjå ut til at det kan bli ein oppsving i det friviljuge kristelege arbeidet i kyrkjer og organisasjonar. Slik sett kjem trusopplæringsplanen i rett tid.

Jubileumsbøker frå Kviteseid Gamle kyrkje (2010) og frå Kviteseid og Fjågesund kyrkjer (2016), seier meir om desse tinga:

Kviteseid er ein økumenisk kommune med eit godt samarbeid mellom forskjellige kyrkjesamfunn og organisasjonar som arbeider for same sak. Det er i tillegg til Den norske kyrkja,

- Pinsemenigheten Fredheim, som i mange år har drive sundagsskule, tysdagssklubb for yngre born, og fredagsklubb for ungdomsskuleelevar, i tillegg til eigne møter for vaksne.
- Misjonsforbundet si forsamling på Betel har mellom anna hatt familiesamling på sundagar, og samarbeid om Fredagsklubben med Fredheim.
- Misjonshuset er eigd av Normisjon og fungerer også nærast som eit kyrkjelydshus for kyrkja (Dnk). Der har også Det Norske Misjonsselskap (NMS) ei foreining.
- Kvitsund Gymnas som er eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband har i mange år hatt
 - ungdomar på team ute i nabokommunar og i Kviteseid. Teama har vore med å drive kristeleg borne- og ungdomsarbeid.
 - idrettsgrupper med trusopplæring (andakt mm) for born i forskjellige aldrar
- Norges kristelege student- og skuleungdomslag (NKSS) har hatt skulelag for elevar på ungdomsskulen.

Organisering, rammer og ansvar

Presteressursane i Kviteseid har på få år gått frå å vere to fulltidstilsette prestar (til 2005), med støtte frå barne- og ungdomsarbeiar, til berre ei prestestilling frå sumaren 2016. Dette fører med seg at ein nå har gått ned til 52 forordna gudstenester kvart år, og ein har då ikkje ressursar til mykje anna. (Sjå rapport frå bispevisitas i januar 2016.) Soknerådet sitt trusopplæringsutval vil vidare måtte komme sterkare inn som støttespelar i tiltaka, og kanskje også drive dei fram på eige initiativ.

Organist i Kviteseid gjennom nærare 30 år har hatt eit kyrkjemusikalsk engasjement langt utover si stilling, som pianist i to barnekor i tillegg til kyrkjekoret og gudstenestene. Eit av barnekora har også hatt ein og same leiar i over ein mannsalder. Nå har yngre overtatt mellom anna denne stafettinnen. Samstundes som noko er blitt drive trufast så lenge, er eit nytt sangtilbod for unge blitt etablert dei siste 5 åra, nemleg Kviteseid Soul Children. Som tidlegare nemnd har Kviteseid frå 2016 gått over til berre å ha eitt sokn. Færre personar er difor innvalde i sokneråd og direkte engasjerte i kyrkjens indre liv på den måten. Men då er det også monaleg frigjort nokre ressursar som kan gå inn i friviljug barne- og ungdomsarbeid, som til dømes ressursar inn mot tiltaka i denne planen. Trusopplæringsutvalet som i dag består av berre tre personar, har soknerådet ynskje om å dobla, men det har ved utgangen av 2016 ikkje lykkast.

Dei aller fleste tiltaka i planen er bygd opp rundt friviljuge. Soknerådet ynskjer likevel i 2016 og 2017 å arbeide med å få på plass ein så stor stilling som mogleg innan barne- og ungdomsarbeid med trusopplæringsmidlar og friviljuge faste gåver.

Nær 90% av barnekulla blir framleis døypte. I 2015 vart 16 døypte i Kviteseid av årskullet på 18 born.

I kommunen bur det sommaren 2016 426 personar mellom 0 og 18 år. Av desse er fleire av dei eldste borte på skule. I tillegg er, til ei kvar tid, om lag 120-30 unge mellom 16 og 18 år som er folkeregistrerte i andre kommunar, mellombels busett på Kvitsund Gymnas. Fleire ungdomar frå Kvitsund er med som medhjelparar i fleire av våre trusopplærings tiltak, som konfirmantopplæringa, i yngres-lag og i idrettsgruppene på Kvitsund.

Utanom desse ungdommane er omlag 10-12 vaksne med fast som friviljuge leiarar av ymse tiltak.

Kviteseid har for tida ingen fast tilsett i trusopplæringsstilling. Koordinatoren som har vore med på å utarbeide denne planen, har vore eit felles prosjekt mellom fleire fellelråd og sokneråd i 5 kommunar. Fra hausten 2016 og fram til sommaren 2017 vil hennar fokus vere i Tokke og Vinje. Økonomisk ramme for trusopplæringsstillinga for 2016 er totalt 416.876, her utgjør løn 308.927, driftsutgifter er 107.949. (inkl. kurs og kmgj, mentor etc)

Sentrale dimensjonar

Samverke med heimen og familien

Dåpssamtala er den fyrste arena for trusopplæring. I Kviteseid nyttar dei denne situasjonen til å skape dei fyrste gode relasjonane med heim og familie. Presten informerar om trusopplæringsplanen til Kviteseid og oppmodar familiane til å delta på tiltaka som kjem opp gjennom åra.

I Kviteseid kyrkje er det ei fast oppsett bønnevandring (sjå detaljar under gudsteneste), der foreldra vert oppmoda til å gå rundt med borna under gudstenesta og hjelpe til i konkretiseringa av trua. Det vert ofte servert kyrkjekaffe etter gudstenesta, noko som gjev ein god sosial arena for foreldre i same situasjon og for at tilsette i kyrkja kan lære born og foreldre betre å kjenne.

Vi sender ut brev til alle heimane om enkelttiltak for rette aldersgruppe. Invitasjon per brev, sender vi ut til alle, men vi har to ulike. Ein invitasjon er til døypte. Her skriv vi til den døypte med namn og brukar ord som du og deg. Ein annan invitasjon er retta mot dei som ikkje er døypte. Dette brevet vert skriva til foreldra som ein informasjon om kva som skal skje og at borna deira er velkomne til å delta.

Kyrkja i Kviteseid får nytte helsestasjon og butikk til å henge opp plakatar til informasjon om både gudsteneste, sundagsskule og babysong. I tillegg har kyrkja i Kviteseid eiga facebook-side der vi hyppig inviterar, legg ut bilete og informerar om kva som kjem og kva som har vore gjennomført.

Kviteseid har bruka ein del midlar på å kjøpe teikningar av ein kunstnar. All informasjon som angår trusopplæring er dekorert med desse, nokosom gjev ein raud tråd og er lett gjenkjennbart for ungar.

Kvart år arrangerast det Familieweekend. Dette er eit tilbod Misjonshuset står for, men alle er inviterte.

Utdelt materiell:

Dåpssamtale: Sprelleengel og bok: "Arvegull" til fyrste barn, "Alt er nær meg" til andre barn, "Songar ved sengekanten" til barn nr. 3 eller meir.

Personleg overlevering på dåpsdagen/Felles utdeling ved familiegudsteneste (her må ein avklare kven som leverer og korleis ein vel å dele ut gåva):

1. dåpsdag: "Nå lukker seg mitt øye" (CD)
 2. dåpsdag: "Bibelboka mi"
 3. dåpsdag: "Hvem har skapt alle blomstene"
- 4-årsbok
Adventskalender (5 år)

Delast ut ved trusopplæringstiltak:

Kristuskransar og T-skjorter (Lys vaken)
Kompass (Eg er 13)

Til konfirmantar:

Bibel (brukast i konfirmasjonstida)
Bønnebok (gåve ved konfirmasjonen)

Medverknad frå barn og unge

Kviteseid er flinke til å nytte born og unge i gudstenestene, særskild dei som er ein del av eit tiltak.

Når det er dåp vert syskjenn og familie/venner bruka til ulike oppgåver, t.d: turkar hovudet, tenner ljøs og er med i prosesjon.

Sundagsskulen, som fylgjer opplegget til "Sprell levande", nyttar ein fast assistent. Det er ein av dei litt eldre borna, som er til god hjelp for dei som held sundagsskulen.

Barnegospel bidrar stadig med song til kyrkjelege føremål. Når Unge Røyster er med på gudsteneste, er dei med på å dekke alter og er med i prosesjon.

10-åringane som er med på "Lys vaken" medverkar under heile gudstenesta morgonen etter.

Når det vert utdelt materiell i forbindelse med ei gudsteneste, nyttar ein borna som skal få gåver til ulike delar undervegs i gudstenesta. Dette har dei ofte øva på dagen i forvegen.

I tillegg vert konfirmantane bruka som ministrantar på gudstenestene. Dei les tekst, tømmer vatn i døypefonten, ber ljøs, er med i prosesjon og har fast post under bønnevandringa (detaljar under gudsteneste).

Inkludering og tilrettelegging

Kviteseid er ein oversiktleg kommune og ein veit ofte på førehand kva for unger som treng ekstra rettleiing og hjelp. Likevel ynskjer Kviteseid å skrive tydlegare i invitasjonane at føresette må ta kontakt med kyrkja, om det er born med spesielle behov. Ved ekstra spesielle behov ein veit om, bør presten ta direkte kontakt med foreldre på førehand. Alle kyrkjebygg (bortsett frå gamlekyrkja?) og Misjonshuset er tilrettelagt for rullestol.

Inkludering av framandkulturelle:

Innbydingar vert send til medlemmer (døypte) og tilhøyrige (born av medlemmer). I nokre tilfelle når ein alle på klasselistene, også tilhøyrande til andre kirkesamfunn og dei av anna kultur og religion. (Sjå dette med to ulike invitasjonar, under samvirke med heime-kyrkje).

Prostidiakon i Vest-Telemark, Eilev Erikstein, vert aktivt nytta som ressurs for å informere tilflyttarar om kyrkja, men også for å snappe opp om det kjem tilflyttarar/flyktingar som høyrer til eit kristent kyrkjesamfunn.

Kyrkjelydsbladet og Facebook vert nytta til å informera om gjennomførte tiltak med bilete og tekst.

Gudsteneste

Kviteseid har fokus på gudstenesteliv som arena for trusopplæring. Tiltaka startar eller ender ofte med

gudsteneste, og då er sjølvsgt dei inviterte borna ein aktiv del av gudstenesta.

Beskriving av familiegudstenesta under, er slik den har vore ved forrige sokneprest. Me ynskjer at dette, evt delar kan vidareførast til neste sokneprest, om det lar seg gjennomføre.

Når kyrkja arrangerar familiegudsteneste, er kyrkja eit levande rom. Under preika nyttar presten eit teppe han kallar "eit flygande teppe". Dette brettar han ut i midtgangen og ungane vert oppmoda til å kome og sitje på det og bli med på ei reise. Ei reise der dei vert tatt med tilbake i tid og har ein dialog om preiketeksta, ungane får spørje og svare. Det er også ei projektor og lerret inne i kyrkeromet. Den vert nytta aktivt under heile gudstenesta, også under preika, for å syne bilete som passar til preika og for å syne songtekstane. Det er lagt opp ei fast bønnevandring for born, der ungane får konkretisert tru og sakrament. Dei går bønnevandringa under nattverden, med foreldre. Ved kvar post står det ei skriftleg forklaring foreldra kan lese for borna. Det er lett å lese og forstå for ungar i alle aldre. Poster:

Skål med drops: --> "Smak og kjenn at Herren er god".

Spegel --> "Sjå i spegelen og sjå kven Gud elsker"

Teiknevegg --> "Teikn noko som gjer deg glad eller trist."

Bønnekrukke --> "Skriv ein bøn om noko du er takksam for, eller om noko du treng hjelp til."

Håndvask: "Ministrantane vaskar hendene dine, som eit symbol på at Jesus vaska føter. Kjenn korleis det er å bli vaska og bli rein."

Forbøn/velsigning ved altarringen.

Byrdestein: "Lat som om steinen er noko du synst er vanskeleg. Legg den på alteret og gå lettare ut frå kyrkja."

Dåpsspåminning ved døypefonten: Korsing med dåpsvatn av ministrantane.

Bønnekort: Ta med deg eit bibelvers med heim.

Barnas kapell:

I Kviteseid kyrkje har me rydda til eit rom i kyrkja som me har bygd om til det me kallar "Barnas kapell". Me har laga eit amfi med sitjebenkar og gode puter. Det er i tillegg eit alter der. Her held me sundagsskule dei sundagane det er vanlege gudstenester. I tillegg er det teiknesaker og bøker der. Det er alltid ope for born under alle tilstelningar i kyrkja.

Diakoni

Borne- og ungdomsarbeid er diakoni i seg sjølv, der alle ungar er med og alle vert sett. Borne- og ungdomsarbeid er ein arena der ungane skal få eit positivt møte med kyrkja kvar gong. Dei skal treffe trygge vaksne og (nytte) gode miljøskaparar.

Konfirmantane er med på eit samarbeidsprosjekt i Vest-Telemark; Kirkens Nødhjelp si fasteaksjon. (Sjå tiltaksplan; Konfirmasjon.)

I Kviteseid er det inngått eit økumenisk samarbeid med å syne godheit i praksis. Prosjektet kallast Godhetsveka. Dette er ei veke der ein kvar i kommunen som ynskjer og treng hjelp til spesielle oppgåver, kan melde behov om det, t.d vindusvask, bilvask, hagearbeid, husvask etc. Dei melder behovet innan ein bestemt dato, og så fordeler dei som driv prosjektet hjelpa utover veka. Dei som står bak prosjektet i tillegg til kyrkja er Betel (Misjonsforbundet), Fredheim (Pinsemenigheten) og Misjonshuset (Normisjon). Elevar frå Kvitsund Gymnas vert også nytta som hjelparar.

Born hjelper born:

Kollekt til born i Malawi.

Frå diakon i Vest-Telemark, Eilev Eriksstein:

Å GJERA VEST-TELEMARK TIL EIN VARMARE STAD Å BU !

Dette er visjonen for diakonien i Vest- Telemark.

Denne visjonen er bygd på definisjonen av diakoni frå Kyrkjemøtet i 2007: Diakoni er evangeliet i handling uttrykt

gjennom Nestekjærleik, Inkluderande felleskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Sidan 1985 har ein samarbeid i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal om ei diakonstilling. Dette legg eit godt grunnlag for samarbeid over sokn- og kommunegrensar.

Ein har hatt felles konfirmanttreff, med fokus på internasjonal diakoni, pilegrimsvandringar for skuleelevar og konfirmantar.

Hausten 2017 tek ein sikte på gjennomføre Kyrkjerådets « På sporet». Ei pilegrimsvandring mot vaksenlivet. I konfirmantida prøver ein å ta opp ulike spørsmål innan diakonien. Korleis ver ein god kamerat, og spørsmål knytt til vald i nære relasjonar.

Diakonen er rekna som ein fagperson i det kommunale hjelpesystemet, og vert nytta som samtalepartnar.

Misjon

Misjonsprosjekt i Kviteseid:

- Kirkens Nødhjelp si fasteaksjon for konfirmantar. Dei har ein dag med fellessamling for konfirmantane i heile Vest-Telemark, i forkant av innsamlinga.

- Misjonsprosjekt: - Rachel Trovis stiftelse/ Mama's children center of Norway. (www.mamachildren.org)

- Misjonærer i Etiopia (bibelomsettjing) og Nepal (kvinneres rettigheter og helse)

Musikk og kultur

Kviteseid har ein dedikert organist. Han er erfaren og har arbeidd i kyrkjelyden lenge. Han har eit engasjement for salmar og vil gjerne vidareformidle salmearven til born og unge. Han er også med og spelar for Barnegospel og Unge Røyster.

Kjernesongar: Sundagsskulen brukar mest songar borna kjenner frå før, men og songar frå "Sprell levande". Frå hausten av er tanken å ha ein fast sang i halvåret, som ein syng på kvar samling, i tillegg til andre songar. Ein er og på god veg til å lage ei liste med kjernesalmar. Desse salmane er dei ein i gjennomsnitt har bruka mest på gudsteneste i Kviteseid, dei siste åra. Salmane merka med * er rekna for særskild bruk til familiegudstener. Ved å stadig nytte dei same salmane får born og unge moglegeheiter til å kjenne att ein eller to songar, når dei kjem til kyrkja. Lista vil ligge som vedlegg.

Konsertar: Særskild Kviteseid kyrkje vert brukt til ein del konsertar. Dette er det sokneråd/kulturutval som står for.

Frivillig medarbeidarskap

Det er nokre, men kunne gjerne vore fleire personar, som ynskjer å gå inn i utval og råd, der ein strekkjer dei strategiske linene, bidrar med undervisning eller andre konstruktive samtalar omkring tru, gudstener og truspraksis. Til gjengjeld er det mange som gjerne bidreg med praktisk hjelp til punktuelle arrangement, i dei ulike lag av trusopplæringsarbeidet. Soknerådet har blitt ein god støtte for trusopplæringsutvalet, og er villige til å hjelpe til med å verve folk til utvalet, samt vere aktive inn mot Kvitsund for å engasjere ungdommar derifrå, gjerne unge med lokal tilknytning.

Kyrkjelyden i Kviteseid er noko samansett når det kjem til kyrkjetilhøyring. Me ser mellom anna at fleire av dei som har døypt borna sine i kyrkja, er med i andre lågkyrkjelege fellesskap enn kyrkja. Dei som bur i Kviteseid, samt soknerådet, ser ikkje på dette som noko problem, men heller som ein ressurs for å spreie Guds ord. Det er no inngått avtalar med pastor på Fredheim og med Betel kring nokre tiltak (sjå tiltaksplan) som også kyrkja i Kviteseid kan ha i sin plan.

Trusopplæringsutvalet: 3 personar. Soknerådet ynskjer at sekretær frå kyrkjekontoret eller prest er til stades på møta for få til å drive trusopplæringsarbeidet, slik plana ser ut i dag. Men soknerådet har fått i oppgåve å verve fleire for å styrkje utvalet.

Sundagsskule: 3-4 frivillige som rullerar på å ha sundagsskulen, i tillegg til 3-4 assistentar.

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

- "Sprell levande" frå "Søndagsskolen Norge" vert nytta i søndagsskulen.
- "Fredagsklubben" er eit samarbeid mellom Betel og Fredheim. Det er eit opent tilbod for unge i rette alder.
- Babysong, Barnegospel og Unge Røyster er formelt knytt til Acta, men er eit opent tilbod for barn i rett alder. Dei har sine samlingar og øvingar på Misjonshuset.
- Soul children er eit opent tilbod for unge i Kviteseid. Det er eit kristent tilbod, men dei har sine øvelser på skulen for ikkje å vera knytt opp mot eiit kyrkjesamfunn eller ein menigheit. Formelt er det likevel knytt til Acta/Normisjon.
- Skulelagsmiddagar i regi av Skulelaget (Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag (NKSS))
- 3 ulike aldersfordelte allidrettsgrupper på Kvitsund Gymnas, med andakt, for born og unge frå 6-15 år. Dette er eit opent tilbod for alle i Kviteseid, men er formelt knytt til Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Vrådal Yngres er og knytt til NLM. NLM arrangerar også nyttårsfestival på Kvitsund, open for alle i rett alder.

Tverrfagleg samarbeid

I Kviteseid samarbeider dei kyrkjelege tilsette godt. Men ofte har dei ei dobbeltrolle, der dei også driv med frivillig arbeid T.d:

Organist: Har i stillinga si: Kyrjekoret. I tillegg spelar han for Barnegospel og Unge Røyster, frivillig. Han bidrar til å øve inn bornesongar knytt til tiltaka på familiegudsteneste.

Ein organistvikar er leiar av Kviteseid Soul Children.

Sokneråd/trusopplæringsutval: Ein person sit både der og i trusopplæringsutvalet.

Kyrkjelydsutvalet: Har ofte ansvar for det praktiske til gudsteneste og tiltak, som mat og rigging.

Sekretær: Er med og har ansvar for søndagsskulen.

(I staben er det prest og organist som står for det tverrfaglege samarbeidet. Men fleire av dei tilsette har dobbeltroller med frivillig arbeid, det gjer mykje for å drive ein kyrkjelyd.) Staben framstår som løysingsorientert, har ein god dialog og er hjelpsame med kvarandre og dei frivillige når det trengs.

Kommunikasjonsarbeid

- Kyrkjelydsbladet skriv om det som skjer og har skjedd.
- VTB (Vest Telemark Blad): annonser, gudstenesteliste, "Det skjer" (dagen før).
- Facebook: eiga facebookside som ofte vert oppdatert.
- Gudstenesteplakatar er lett gjenkjennbare (rosa) og kommuniserar kyrkje
- Eigen familiegudstenesteplakat.
- Eigen søndagsskuleplakat.

Kviteseid har som nemnd kjøpt teikningar frå ein kunstnar til bruk i trusopplæringa. Det tyder at plakatar og brev vert dekorert med desse bileta og vert, med tida, automatisk knytt mot det som skjer i kyrkja.

Tiltak

Tiltak i ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alderen 0–18

år

Tal på aktive tiltak: 7 **Totalt tal pr årskull: 101**

Totalt tal på timar summert: 137

Alder	Namn på tiltaket	Omfang i samvær	Omfang i timar	Samla for målgrupper
0	Dåpsgudsteneste	1	2	2
0	Dåpssamtale	1	1	1
1-3	Utdeling av dåpsgåver	1	2	6
4	4 års bok	1	2	2
5	Utdeling av adventskalender til 5-åringar	1	2	2
11-12	Yngres i Vrådal 10-15 år	16	32	64
15	Konfirmasjon	25	60	60

Tiltak i planen retta mot det enkelte alderstrinn																			
Alderstrinn	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tal	2	1	1	1	1	1	0	0	0	0	0	1	1	0	0	1	0	0	0

Passive tiltak**Tal på passive tiltak: 4****Totalt tal pr årskull: 71****Totalt tal på timar summert: 202**

Alder	Namn på tiltaket	Omfang i samvær	Omfang i timar	Samla for målgrupper
8-9	Tårnagenthelg	1	0	0
10-11	Lys vaken	1	21	42
13-16	Åpent hus	12	30	120
14-15	Skulelagsmiddag (ungdomsskuletrinna 12-16 år)	10	20	40

Øvrige tiltak**Tal på øvrige tiltak: 8**

Alder	Namn på tiltaket
1-2	Småbarnstreff med babysong 0-3 år
2-3	Sundagsskule (2-11 år)
5-6	Barnegospel 5-8 år
7-8	Idrettsgruppe 1 (6-9 år, 1.-4. klassetrinn)
9-10	Unge røyster 9-12 år
10-11	Idrettsgruppe 2 (10-12 år, 5.-7. klassetrinn)
13-14	Idrettsgruppe 3 (13-15 år, 8.-10. klassetrinn)
13-14	Kviteseid Soul Children 12-15 år

Dåpsgudsteneste

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Aldersgruppe

0

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 3

Ansvarleg

Soknepresten

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet skal døypast med den kristne dåp og innlemmast i kyrkjelyden.

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet får ein start på si trushistorie i lys av trua på den treeinige Gud som det vert døypt til. Foreldre og fadrar saman med kyrkjelyden får ansvar for å gje omsorg og oppseding i den kristne forsakinga og trua. Barnet får dåpsattest som ei synleg stadfesting av dåpshandlinga.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpen i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande, dåpen som nådemiddel og grunnlag for trua. Krossmerke i dåpen. Jesus og barna, dåpsbefaling, truedkjenninga, fadervår, gudsteneste og dåpsrituale.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Barnet tek del i gudstenesta og fellesskapet i kyrkjelyden gjennom dåp, får erfaring med bøn og rituale der kristen tru blir uttrykt, vert krossmerka og omslutta av kyrkjelydens omsorg og bøn. Familien deltek i gudstenestefeiring med bøn, bibellesing og song. Dei får med seg eit dåpslys til bruk i heimen til å minnst dåpen.

Arbeidsmåtar

Dåpshandling.

Foreldra får dåpsljøs og dåpsattest.

Dåpssamtale

Kviteseid

Tiltakstype

Dåpssamtale

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 1

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 1

Aldersgruppe

0

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 3

Ansvarleg

Prest

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Samtale med barnets næraste omsorgspersonar om kvifor vi døyper borna, og om det som skal skje i dåpen. Samtale om felles ansvar for den opplæring som høyrer til dåpen.

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Samtale om dåpen sin plass i høve til livstolking.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpsliturgien med forteljinga om Jesus og borna, dåpsbefalinga, truvekjening, ansvar for foreldre og fadrar, krossmerking, bøn.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Samtale om bøn i heimen, song og småbarnstreff, gudstenestefeiring og kyrkjelyden sitt trusopplæringstilbod. Barn og familie skal få erfare bøn ved at presten spør om det er greitt at ho/han ber ei bøn for dei.

Arbeidsmåtar

Samtale om innhaldet i dåpen og gjennomgang av gudstenesta. Foreldra får boka "Arvegull" til første barn, "Alt er nær meg" til andre barn, og "Sanger ved sengekanten" til barn nr. 3 eller meir. Dei får også ein sprelleengel med aftenbøn, og informasjon om dåpsljoset. Det blir delt ut fadderhelsingar og informasjon om dåpsklubben Tripp Trapp.

Utdeling av dåpsgåver

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 6

Aldersgruppe

1-3

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 29

Ansvarleg

Prest og trosopplærer

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Formålet er å gi barna gåver som kan vere med og gi opplæring i kristen tru, gjennom tekst og songar. Det er også eit høve for borna til å delta i gudstenesta, og til å bli minna om dåpen sitt innhald.

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

1 år:

Få ei gåve som kan stimulere allmenndanning, personlig og åndelig vekst med å lytte til eit utval av kristne kveldsbønner på cd-en "Nå lukker seg mitt øye".

2 år:

Få ei gåve som kan gje hjelp til å finne eit språk for si eiga livs- og trushistorie i lys av trua på den treeinige Gud som dei er døypte til.

3 år:

Få ei gåve som kan gje hjelp til å finne eit språk for si eiga livs- og trushistorie i lys av trua på den treeinige Gud som det er døypte til. Stimulere allmenndanning og setje ord på sentrale dimensjonar ved menneskelivet som kropp, sjølvbilete og identitet, venskap og relasjonar, sjølvstende og tilhøyrslø.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

1 år:

Kveldsbøn, gudsteneste.

2 år:

Få ei bok som formidlar trua på den treeinige Gud gjennom bibelforteljning, skrivne bønner og songar. Gud skaper mennesket og jorda. Guds omsorg for den skapte verda. Jesus møter og elsker menneske. Håpet om oppstode og evig liv. Andre uttrykk for bøn. Nokre personar og hendingar i Det gamle testamentet - Abraham, Moses, forteljninga om Jesu liv, død og oppstode. Undera til Jesus.

3 år:

Få ein cd med songar som set ord på Gud som skapar, Jesu liv og oppstode. Salmesong som uttrykk for tilbeding.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

1 år:

Få erfaring med bønner og ritual der kristen tru bli uttrykt. Sjølv lære å be. Ta del i gudstenesta gjennom bøn, song og bruk av Guds ord.

2 år:

Få ei bok som kan brukast til bøn, bibellesing og song i heimen. Ta del i gudstenestefeiring gjennom bøn, song og bruk av Guds ord.

3 år:

Få erfaring med bønner der kristen tru og tilbeding blir uttrykt gjennom salmar for barn som kan nyttast i gudstenesta Ta del i gudstenestefeiring gjennom bøn, song, tilbeding og bruk av Guds ord.

Arbeidsmåtar

Barna får invitasjon til gudstenesta på førehand. Dei får komme fram i gudstenesta og ta imot gåvene:

1-åringar får ein cd: "Nå lukker seg mitt øye"

2-åringar får "Bibelboka mi"

3-åringar får ein cd: "Hvem har skapt alle blomstene?"

4 års bok**Kviteseid****Tiltakstype**

4 - årsbok

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Aldersgruppe

4

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 16

Ansvarleg

Presten og trusopplærer i Kviteseid

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Borna skal bli kjende med kyrkjerommet og få undre seg over det som er der. Dei skal samtale om det Gud har skapt, førebu og ta del i hausttakkefest-gudstenesta.

Kommentarar

Oppmøte: 3 born.

Borna som kom hadde ei fin samling i forkant av gudstenesta. Me gjekk rundt i kyrkja og fekk undra oss over mykje som er der (døypefonten, preikestolen, orgelet, altarringen). Borna fekk høyre om då Jesus metta fem tusen (Joh 4, 27-30) og fekk sjølv gjenfortelja historia med bruk av flanellograf. Etter forteljinga fargela borna fiskar og brød som me skulle bruka inn i preika.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Borna skal stimulere allmenndanning, personleg og åndeleg vekst gjennom sansing, undring og samtale.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Borna skal få arbeide med hva det vil seie at Gud har skapt mennesket, himmelen og jorda. Hausttakkefest. Gudsteneste og ritual: døypefont, preikestol, nattverdbord, altarring, brød og vin, orgel.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Borna skal få ta del i gudstenesta og fellesskapet i kyrkjelyden. Uttrykke seg gjennom salmar, får ansvar og ta imot 4-årsbok.

Arbeidsmåtar

Barna får invitasjon i posten på førehand, dei er med på ei samling før gudstenesta og får utdelt 4-årsbok i gudstenesta.

Utdeling av adventskalender til 5-åringar

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Aldersgruppe

5

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 10

Ansvarleg

Prest og trosopplærer

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Verte kjend med adventstida og jola si forteljing.

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Trosopplæring som en arena for samtale for barn.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Bli kjent med høgtidene advent og jul. Julesanger.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Gudstjenestefeiring. Lære sentrale salmer knyttet til jul. Få en adventskalender som stimulerer til å bruke adventstiden til å forberede julefeiring.

Arbeidsmåtar

Borna får invitasjon, på førehand, til ei samling før gudstenesta. Her visar med adventskalenderen og korleis foreldre kan lage ei samling ut av kvar luke. Under gudstenesta, får dei kome fram i gudstenesta og ta imot adventskalenderen "Jona og hemmeligheten" (IKO).

Yngres i Vrådal 10-15 år

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 16

Totalt tal på timar for alle samlinger: 32

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 64

Aldersgruppe

11-12

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 30

Ansvarleg

Frivillig

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

- Oppleve fellesskap og kjenne seg trygg på andre.
- Bli fortroleg med Bibelens forteljning og truas innhald.

Kommentarar

Klubben er drive av frivillige voksne frå Vrådal. Ungdom frå Kvitsund Gymnas har vore med som hjelpeleiarar.

I Vrådal kjem dei aller fleste i årskulla, så det er det beste eksempelet på eit såkalla breddetiltak, men redusert til berre deler av det samanslegne soknet. Heile årskulla i Vrådal vert inviterte med oppslag på skulen.

Årsrapport vil vise kor mange som kjem kvar gong, Samla for helie soknet vil det ikkje vera å rekne som eit breddetiltak.

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 11-12 år, altså 11-åringar.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

- Oppleve fellesskap og glede
- Ha noe felles med venner frå skulen også utanom skuletid
- Fokus på verdiar i livet
- Få kunnskap og kristen tru og liv

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

- Forteljningar frå Bibelen
- Høyre om kva dei betyr for oss i dag

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

- Sang og bøn
- Andakt / kristen forteljning

Arbeidsmåtar

- Aktivitet og leik
- Samtale
- Andakt
- Enkel servering

Konfirmasjon

Kviteseid

Tiltakstype

Konfirmasjonstid

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 25

Totalt tal på timar for alle samlinger: 60

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 60

Aldersgruppe

15

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 12

Ansvarleg

Sokneprest

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

- Gje konfirmanten eit samle oversyn over kristen tru og liv.
- Gje mot og inspirasjon til å leve som ein kristen.
- Gje ein heilskapeleg oversikt og kristen tru o kristent liv.

Kommentarar

Hausten 2016 blei Konfirmasjonsprogrammet Delta frå iko.forlaget teken i bruk. Det har lærarrettleiing, logg for konfirmantane og ferdig utarbeida visuelt program for storskjerm. Opplegget er laga for 19 samlingar.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

- Arbeide heilskapeleg med bibelen, eige liv, praksisar og kyrkjas tru.
- Gje mot og inspirasjon til å leve som ein kristen.
- Konfirmasjon skal fremje oppleving av eigenverd og leggje til rette for at konfirmanten skal sjå seg sjølv og tolke si verd som skapt, elska og heldt oppe ved Guds kjærleik.
- Gjennom refleksjon, kunnskap og erfaringar skal konfirmanten sjå sitt liv i ljøs av trua.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

- Konfirmanten skal lære seg å kjenne den treeinige Gud gjennom bibelen som Guds ord, truedkjenning , sakramenta og andre sentrale uttrykk for kristen tru.
- Dei skal verte kjend med dei kristne høgtidene og kyrkja dei tilhøyrer.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

- Konfirmanten skal arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin.
- Dei skal lære seg å be, lese bibelen, feire gudsteneste og syne nestekjærleik i praktisk solidaritet.
- Dei skal få uttrykkje seg sjølv, trua si og skaparevna si.

Arbeidsmåtar

- Konfirmantopplegget byggast rundt sentrale arbeidsformer som gudsteneste, undervisning, diakoni og andaktsliv.
- I tillegg vil dei delta på konfirmantleir og kyrkjas nødhjelps fasteaksjon.

Vedlegg:

- [KonfirmasjonsPLAN 2016-17.docx](#)

(/Files?fileID=cfb0537c-9e2a-4f62-a994-e8b4d8eef2a5)

- KonfirmasjonsPLAN 2017, vår.docx

(/Files?fileID=f7cb2537-8408-473d-aec6-3db23f3953f3)

Passive tiltak (gjennomførast ikkje i år)

Tal på passive tiltak:

4

Totalt tal på timar for alle samlinger:

71

Totalt tal på timar samla for målgrupper:

202

Tårnagenthelg

Kviteseid

Tiltakstype

Tårnagenthelg

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger:

Totalt tal på timar samla for målgrupper:

Aldersgruppe

8-9

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 33

Ansvarleg

Møyfrid Lunde, prest

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Målet med tiltaket...

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Arbeidsmåtar

Lys vaken

Kviteseid

Tiltakstype

LysVåken

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 21

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 42

Aldersgruppe

10-11

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 28

Ansvarleg

Trusopplærer, Prest, (trusopplæringsutval), frivillige (frå Betel og Kvitsund.)

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Opplive tilhørslse til kyrkja gjennom gode opplevingar i sellesskap med jevnaldrande i feiring av eit nytt kyrkjeår med overnatting i kyrkja, og gjennom førebuing og aktiv deltaking i gudstenestefellesskapet.

Kommentarar

Full pakke med samling frå kl 17.00 lørdag ettermiddag, overnatting og avslutning med "Ljos vaken" gudsteneste søndag kl 11.00.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Lys vaken skal vere ein arena for samtale for barn og unge. Dei skal få høve til å reflektere og undre seg over dei store spørsmåla i livet i lys av den kristne trua. Vi skal vere lys vakne for Gud og kvarandre.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Bli kjent med Jesus som venn, frelsar og Herre. Jesus er sann Gud og sant menneske. Jesus openberra Guds gode vilje. NAttverden og forlating for syndene. Få kunnskap om korleis Bibelen er bygd opp. Kyrkjeåret. Tekstlesing og gudstenesteliturgi.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Samtale om korleis sundagsens tekst kan vere til hjelp, trøyst, rettleiing eller inspirasjon. Synge ei sentral andventsalme. Få praktisere trua si gjennom aktiv deltaking, ansvar og medarbeidarskap i gudstenesta.

(Kristuskransen som uttrykk for bøn.)

Arbeidsmåtar

- Leiker.
- Sosial moro.
- Omvisning og samtale om kyrkjeromet.
- Lære songar
- Lage bøner
- Lage "Ljos vaken" gudstenesta til søndag.
- Tur i mørket med kakao, marsmallows, bål og (tekstmeditasjon*/andakt rundt bålet.)
- Taco, frukt og godteri.
- Overnatting.

- Frokost i kyrkja.

Åpent hus

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 12

Totalt tal på timar for alle samlinger: 30

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 120

Aldersgruppe

13-16

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 68

Ansvarleg

Misjonshuset

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Arbeidsmåtar

Skulelagsmiddag (ungdomsskuletrinna 12-16 år)

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 10

Totalt tal på timar for alle samlinger: 20

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 40

Aldersgruppe

14-15

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 29

Ansvarleg

Frivillig

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Gje eit tebod om fellesskap

Gjere dei unge interessert i kristen tru

Formidle Bibelens boskap

Forberede dei unge på framtid og kristent fellesskap for seinare studieår

Kommentarar

Dei samlast på skulekjøkken på Kviteseid Skule.

Alle 12-16-åringar vert invitert med oppslag på ungdomsskulen for kvar samling. Det er langt færre enn halve årskulla som er med kvar gong. Årsrapport vil vise kor mange som er til stades, men det er ikke å rekne som eit breddetiltak med tanke på dei fremmøtte.

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 14-15 år, altså 14-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Lagar enkelt middagsmåltid saman

Andakt

Sosialt samver og spel/leik

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Høre forkynning. samling med andre truande og ikke-truande.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Bibel-lesing, song og bøn.

Arbeidsmåtar

Lagar enkelt middagsmåltid saman

Andakt av ein voksen

Sosialt samver og spel/leik

Andre tiltak

Småbarnstreff med babysong 0-3 år	Kviteseid
Tiltakstype Annet tiltak	
Aldersgruppe 1-2 Tal på medlemmer i aldersgruppa: 17	
Ansvarleg Ellen Eggebø Jore	
Samarbeidende organisasjon Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.	
Kommentarar Held til på Misjonshuset. Formelt knytt til Acta (Nordmisjon) Det er her vald ut ein fokusgruppe, 1 og 2-åringar, sjølv om det kan vere både babyer og eldre enn 2-åringar til stades. BARE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 1-2 år, altså 1-åringar. Tiltaket er IKKE breddetiltak, dvs det når ikke mer enn 50% av årskulla, selv om de er invitert.	

Sundagsskule (2-11 år)**Kviteseid****Tiltakstype**

Annet tiltak

Aldersgruppe

2-3

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 25

Ansvarleg

Anne Ruth Syrtveit Mikalsen og Svanhild Fidjeland.

Samarbeidende organisasjon

Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.

Kommentarar

Det er berre ein søndagsskule i Kviteseid innanfor kyrkja.

Denne er innmeld i Sundagsskulen Norge.

Sundagsskulen er under gudstenester i Kviteseid som ikkje er familiegudstenester. Det er veldig tilfeldig kven som kjem, då dette tiltaket er forholdsvis nytt og lite innarbeidd. Det kan vere born frå fleire årskull enn dei nemde som er med. Samstundes er det ikke over halvparten av dei opplista årskulla som er med, men dei er nemd som fokus for å få realisme i talet på timar.

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 2-3 år, altså 2-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.

Pinsemenigheten Fredheim har også eigen sundagsskule, men det er ikkje den som omtalast her.

Barnegospel 5-8 år

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Aldersgruppe

5-6

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 19

Ansvarleg

Åsbjørg Hægeland og Dagfinn Køhn

Samarbeidende organisasjon

Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.

Kommentarar

Øvingane er på Misjonshuset.

Barnegospel er formelt knytt til Acta (Normisjon)

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 5-6 år, altså 5-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.

Idrettsgruppe 1 (6-9 år, 1.-4. klassetrinn)**Kviteseid****Tiltakstype**

Annet tiltak

Aldersgruppe

7-8

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 27

Ansvarleg

Ellen Eggebø Jore og Karen Margrethe Klausen

Samarbeidende organisasjon

Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.

Kommentarar

Dette tiltaket er det frivillige tilknyttet Kvitsund Gymnas som står for. Dette er eit ope tilbod for alle born i Kviteseid. Det er inngått ei avtale med leiarane om at kyrkja i Kviteseid kan ha tiltaket i trusopplæringsplana si. Det er fokus på samhald og fysisk aktivitet, og ei andakt kvar gong står sentralt. Elevar på skulen og andre voksne er medhjeperar. Gruppa er organisatorisk tilslutta NLM-Ung, Region sør.

4-5 Ungdom fra Kvitsund Gymnas er ofte med som hjelpeledere. De har flere av andaktene, som på forhånd er gjennomgått sammen med en voksenleder. Det følges ikke noe spesielt opplegg eller plan for trosopplæringa her.

Invitasjoner går til hele årskull med oppslag på skolene.

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 7-8 år, altså 7-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.

Unge røyster 9-12 år

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Aldersgruppe

9-10

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 32

Ansvarleg

Elise Foldøy og Dag Henning L. Sørbø

Samarbeidende organisasjon

Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.

Kommentarar

Øving på Misjonshuset.

Unge Røyster er formelt knytt til Acta (Normisjon)

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 9-10 år, altså 9-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.

Leiar av Unge Røyster ønsker ikkje at koret skal vere ein del av menighetens trusopplæringsplan.

Idrettsgruppe 2 (10-12 år, 5.-7. klassetrinn)**Kviteseid****Tiltakstype**

Annet tiltak

Aldersgruppe

10-11

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 28

Ansvarleg

Ellen Eggebø Jore og Andreas Myklebust

Samarbeidende organisasjon

Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.

Kommentarar

Dette tiltaket er det frivillige tilknyttet Kvitsund Gymnas som står for. Dette er eit ope tilbod for alle born i Kviteseid. Det er inngått ei avtale med leiarane om at kyrkja i Kviteseid kan ha tiltaket i trusopplæringsplana si. Det er fokus på samhald og fysisk aktivitet, og ei andakt kvar gong står sentralt. Elevar på skulen og andre voksne er medhjeparar. Gruppa er organisatorisk tilslutta NLM-Ung, Region sør.

4-5 Ungdom fra Kvitsund Gymnas er ofte med som hjelpeledere. De har flere av andaktene, som på forhånd er gjennomgått sammen med en voksenleder. Det følges ikke noe spesielt opplegg eller plan for trosopplæringa her.

Invitasjoner går til hele årskull med oppslag på skolene.

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 10-11 år, altså 10-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.

Idrettsgruppe 3 (13-15 år, 8.-10. klassetrinn)**Kviteseid****Tiltakstype**

Annet tiltak

Aldersgruppe

13-14

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 33

Ansvarleg

Ellen Rannestad og Brit Helen Finstad (frå hausten av)

Samarbeidende organisasjon

Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.

Kommentarar

Dette tiltaket er det frivillige tilknyttet Kvitsund Gymnas som står for. Dette er eit ope tilbod for alle born i Kviteseid. Det er inngått ei avtale med leiarane om at kyrkja i Kviteseid kan ha tiltaket i trusopplæringsplana si. Det er fokus på samhald og fysisk aktivitet, og ei andakt kvar gong står sentralt. Elevar på skulen og andre voksne er medhjeperar. Gruppa er organisatorisk tilslutta NLM-Ung, Region sør.

4-5 Ungdom fra Kvitsund Gymnas er ofte med som hjelpeledere. De har flere av andaktene, som på forhånd er gjennomgått sammen med en voksenleder. Det følges ikke noe spesielt opplegg eller plan for trosopplæringa her.

Invitasjoner går til hele årskull med oppslag på skolene.

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 13-14 år, altså 13-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.

Kviteseid Soul Children 12-15 år

Kviteseid

Tiltakstype

Annet tiltak

Aldersgruppe

13-14

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 33

Ansvarleg

Olav B Holm

Samarbeidende organisasjon

Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket.

Kommentarar

Kviteseid Soul Children er eit kristent tilbod som ikkje er knytt til nokon spesiell kyrkjelyd. Fremstår som tverrkyrkjeleg. Dei held øvingane sine i musikkrommet på Kviteseid Skule.

Formelt knytt til Acta (Nordmisjon)

Invitasjoner går kvart år ut til alle aktuelle årskull med oppslag på skulen. Det er berre ein ungdomsskule i kommunen.

BERRE for statistikken, er 'aldersgruppe' satt til 13-14 år, altså 13-åringar.

Tiltaket er IKKJE breddetiltak, dvs det når ikkje mer enn 50% av årskulla, selv om dei er invitert.